



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato 07.02.2019
Møtetid: Kl. 15:15 - 17:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Olaug Karin Øystese	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Odd Arne Haga	FRP
Arild Røen	H
Inge Aasgaard	KRF
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:
Nils Aadland	A

Møtenotater:

Andre som var til stades i møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Meline Heimdal Haugland, avdelingsleiar kultur (under sak 002, 004 og 005/2019)

Protokollmerknader:

Odd Arne Haga (Frp) hadde ein protokollmerknad under Utvalet sitt kvarter. Protokollmerknaden er teken inn under punktet om tannhelseklinikk på Tysse.

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, <dato>

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2019	19/148	Faste saker	
002/2019	18/783	Retningsliner for tildeling av kulturmidlar	
003/2019	18/951	Søknad om tilskot frå næringsfondet til e-avis	
004/2019	18/783	Søknad om endring av kommunal garanti for dagsfestivalen Samningakraft	
005/2019	18/951	Søknad om tilskot til løypepreparering	
006/2019	18/951	Søknad frå Kvamnet AS om økonomisk støtte til delar av ekstrakostnader fiberanlegg Rolvsvåg - Saga	
007/2019	19/134	Tilleggsøyving til ny stilling på HR (løns- og personalkontoret)	

SAKNR. 001/2019: Faste saker

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Ingen merknader.

Orienteringssaker:

Støtte til klimatiltak, ref. verbalpunkt i budsjettvedtaket for 2019

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status. Administrasjonen har vore i kontakt med firmaet Klimapartner, med tanke på hjelp til utarbeiding av klimabudsjett.

Prosjektstyringsstatus Skottabakken

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om status for prosjektet. Det er nokre utfordringar knytt til stenging av vegen ved Skottabakken.

Sjukefråvær 2018

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Det samla sjukefråværet i kommunen i 2018 var 6,71 prosent. Dette er ein reduksjon på 13 prosent i forhold til 2017, då sjukefråværet var 7,7 prosent.

Organisasjonsutvikling

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Det er behov for organisasjonsutvikling i administrasjonen. Mellom anna manglar det ein del nødvendige digitale verktøy for å kunne arbeida effektivt. Rådmannen orienterte også om at ho ønskjer å gjera endringar i organiseringa i administrasjonen, ved å ta vekk sektorleiarnivået. Ho orienterte også om nokre andre tiltak som skal gjennomførast.

Driftsresultat 2018

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Resultatet for 2018 er førebels ikkje helt klart, men det ser pr. d.d. ut til at det vil bli eit overskot i driftsrekneskapen på om lag 1,3 millionar kroner meir enn budsjettet.

Verneverdier/vernegrenser Eikedalsvassdraget

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om bakgrunnen for at han ønskjer å få dette opp som sak i formannskapet 23.05.2019, og så i kommunestyret.

Botnahytta, vedtak om mellombels freding

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om status i saka.

Utvalet sitt kvarter

Statleg finansiering av sjukeheimplassar

Odd Arne Haga (Frp) orienterte om at han på fylkesårsmøtet i Frp fekk informasjon om at det i år kan bli tilbod til 12 nye kommunar om statleg finansiering av sjukeheimplassar. Dette er same ordning som Os kommune er med på i dag.

Tannlegekontoret på Tysse

Odd Arne Haga (Frp) tok opp spørsmål om tannklinikk på Tysse. Odd Arne Haga foreslo at formannskapet gjer vedtak om at kommunen søker fylkestannlegen om å behalda tannlegetenesta på Tysse gjennom ein privatpraktiserande tannlege. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte kort

om fylkestinget sitt vedtak om å leggja ned tannlegekontoret på Tysse. Framlegget til Odd Arne Haga vart ikkje teke opp til røysting. Odd Arne Haga bad om at framlegget vart teke inn som protokollmerknad.

Protokollmerknad frå Odd Arne Haga (Frp):

"Forslag om å søke fylkestannlegen om å beholde tannlegetjenesten på kommunehuset gjennom en privatpraktiserende tannlege."

Ressurssituasjonen i kommunen og oversikt over avvik

Monica Tjønnå (Sp) sa ho fryktar at økonomiske innsparingstiltak som er gjennomført i kommunen kan gå ut over tenestene/tilsette. Ho etterlyste i samband med dette informasjon over innmelde avvik, spesielt eventuelle avvik knytt til låg bemanning. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om talet på innmelde avvik totalt i januar 2019, og om at det er meldt inn eitt avvik på personalmangel.

3. plass i lesekonkurranse for klasse 7B ved barneskulen

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at klasse 7B ved Samnanger barneskule har kome på 3. plass i ein konkurranse i lesing, i konkurranse med 2.100 klassar/39.000 elevar i Noreg.

Samrøystes vedtak.

FORM- 001/2019 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 002/2019: Retningsliner for tildeling av kulturmidlar

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Avdelingsleiar kultur Meline Heimdal Haugland viste til at det i rådmannen sitt framlegg til nye retningsliner er teke med datoar for søknadsfrist for dei fylkeskommunale tilskotsordningane. På grunn av at fylkeskommunen sine søknadsfrister vil verta endra, orienterte Meline Heimdal Haugland om at for desse tilskotsordningane ønskjer rådmannen å ta vekk datoane for søknadsfrist til fylkeskommunen. Med denne endringa vart rådmannen sitt framlegg til nye retningsliner samrøystes vedteke.

FORM- 002/2019 Vedtak:

Retningsliner for tildeling av kulturmidlar vert vedteken slik dei ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningsliner for tildeling av kulturmidlar vert vedteken slik dei ligg føre.

SAKNR. 003/2019: Søknad om tilskot frå næringsfondet til e-avis

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 003/2019 Vedtak:

Samnanger Bladlag AS får inntil 51.000 kroner i tilskot frå næringsfondet konto 1.1400.3251.

Tilskotet skal nyttast i samband med oppretting av e-avis, og vert utbetalt ved dokumentasjon av faktiske utgifter. Dersom tilskotet ikkje vert nytta innan 2 år frå vedtaksdato går det tilbake til kommunen sitt næringsfond.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger Bladlag AS får inntil 51.000 kroner i tilskot frå næringsfondet konto 1.1400.3251.

Tilskotet skal nyttast i samband med oppretting av e-avis, og vert utbetalt ved dokumentasjon av faktiske utgifter. Dersom tilskotet ikkje vert nytta innan 2 år frå vedtaksdato går det tilbake til kommunen sitt næringsfond.

SAKNR. 004/2019: Søknad om endring av kommunal garanti for dagsfestivalen Samningakraft

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Avdelingsleiar kultur Meline Heimdal Haugland orienterte om bakgrunnen for at rådmannen foreslår å endra på det tidlegare vedtaket om underskotsgaranti på 200.000 kroner for dagsfestivalen Samningakraft.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 004/2019 Vedtak:

Innvilga underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til marknedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til barnnvesenet og mattilsynet.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innvilga underskotsgaranti på kr 200 000 vert trekt.

Samnanger Live AS vert gitt kr 10 000 i tilskot til marknedsføring av Samningakraft uavhengig av gjennomføring av arrangement. Tilskotet vert gitt med følgjande forbehold:

- Innan 01.04.19 skal det leverast ein plan for gjennomføring til administrasjon som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reinhald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til barnnvesenet og mattilsynet.
- Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakten.

Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251

Dersom arrangementet vert gjennomført vert det gitt inntil kr 30 000 i tilskot som skal gå til frivillige lag i kommunen og inntil kr 10 000 til container og lastebil. Arrangøren må på dette tidspunktet ha eit registrert organisasjonsnummer. Tilskotet vert finansiert frå næringsfondet konto 1.1400.3251. dersom arrangementet ikkje har økonomiske midlar til å finansiere dette sjølv. Utbetalinga skjer ved framsyning av sluttrekneskap.

SAKNR. 005/2019: Søknad om tilskot til løypepreparering

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Monica Tjønnå (Sp) røysta imot framlegget, dei andre medlemmene røysta for framlegget.

FORM- 005/2019 Vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kroner 15.000 i tilskot til Kvamskogen Vel frå næringsfondet konto 1.1400.3251 til løypepreparering på Kvamskogen. Tilskotet vert utbetalt ved dokumentasjon av faktiske utgifter og gjeld i inntil 2 år frå vedtaksdato. Dersom Kvamskogen vel ønskjer eit årleg tilskot ber kommunen om at det vert sendt inn ein søknad til handsaming i budsjett- og økonomiplanen 2020-24. Fristen er 1 april 2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kroner 15.000 i tilskot til Kvamskogen Vel frå næringsfondet konto 1.1400.3251 til løypepreparering på Kvamskogen. Tilskotet vert utbetalt ved dokumentasjon av faktiske utgifter og gjeld i inntil 2 år frå vedtaksdato. Dersom Kvamskogen vel ønskjer eit årleg tilskot ber kommunen om at det vert sendt inn ein søknad til handsaming i budsjett- og økonomiplanen 2020-24. Fristen er 1 april 2019.

SAKNR. 006/2019: Søknad frå Kvamnet AS om økonomisk støtte til delar av ekstrakostnader fiberanlegg Rolvsvåg - Saga

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtaket vart samrøystes vedteke.

FORM- 006/2019 Vedtak:

Kvamnet AS sin søknad om økonomisk støtte frå Samnanger kommune på 120 000 kroner for å dekkja delar (ca. 20%) av uføresette ekstrakostnader til fiberutbygginga i området Rolvsvåg – Saga, vert

innvilga. Vedtaket vert finansiert som følgjer:

- 65.000 kroner – resterande/udisponert sum av breibandsmidlane (349.000 kroner) som vart løyvd av kommunestyret i 2017 til utbygging i området Rolvsvåg – Saga.
- 55.000 kroner av breibandsmidlane (100.000 kroner) som er avsett frå næringsfondet i 2019-budsjettet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvamnet AS sin søknad om økonomisk støtte frå Samnanger kommune på 120 000 kroner for å dekkja delar (ca. 20%) av uføresette ekstrakostnader til fiberutbygginga i området Rolvsvåg – Saga, vert innvilga. Vedtaket vert finansiert som følgjer:

- 65.000 kroner – resterande/udisponert sum av breibandsmidlane (349.000 kroner) som vart løyvd av kommunestyret i 2017 til utbygging i området Rolvsvåg – Saga.
- 55.000 kroner av breibandsmidlane (100.000 kroner) som er avsett frå næringsfondet i 2019-budsjettet.

SAKNR. 007/2019: Tilleggsloving til ny stilling på HR (løns- og personalkontoret)

07.02.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 007/2019 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma i rådmannen sin stab med 100% stilling i tidsrommet 01.04.2019 – 31.12.2019. Stillinga skal primært vera knytt til HR (løns- og personalkontoret). Det vert gjeve tilleggsloving frå disposisjonsfondet på inntil 460.000 kroner til finansiering av lønsutgiftene for denne stillinga i 2019.

Frå og med 01.01.2020 vert stillinga delt i to stillingsdelar:

1. Ca. 50% konsulentstilling ved HR (løns- og personalkontoret)
2. Ca. 50% stilling som IKT-koordinator

Lønsmidlar til 50% stilling som IKT-koordinator ligg allereie inne i økonomiplanen frå og med 2020. Lønsmidlar til den resterande 50%-stillingsdelen må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma i rådmannen sin stab med 100% stilling i tidsrommet 01.04.2019 – 31.12.2019. Stillinga skal primært vera knytt til HR (løns- og personalkontoret). Det vert gjeve tilleggsloving frå disposisjonsfondet på inntil 460.000 kroner til finansiering av lønsutgiftene for denne stillinga i 2019.

Frå og med 01.01.2020 vert stillinga delt i to stillingsdelar:

1. Ca. 50% konsulentstilling ved HR (løns- og personalkontoret)

2. Ca. 50% stilling som IKT-koordinator

Lønsmidler til 50% stilling som IKT-koordinator ligg allereie inne i økonomiplanen frå og med 2020. Lønsmidler til den resterande 50%-stillingsdelen må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2020.